

FRITT ORDS PRIS 2017

Tale ved Svein Gjerdåker, redaktør i Dag og Tid

Gode styre i Fritt Ord,

Det er ei stor ære å takka for prisen på vegner av Dag og Tid. Dette er ein pris til alle som har bidrege opp gjennom åra og sytt for at avisa i dag er i vekst og har ein sunn økonomi.

Og vi skal ikkje vera smålåtne. Det er òg ein pris til det nynorske skriftspråket.

Prisen vil gje avisa større autoritet. Inspirasjon. Men fyrst og fremst forplikta oss til å prøva å laga ei god og viktig avis – veke etter veke.

Dagens mediesituasjon kjenner vi: Media og den frie journalistikken er i ei svært vanskeleg omstillingstid. Det trengst såleis kloke politikarar som ser Alvoret, og som kjem med tilstrekkelege tiltak.

Men mediepolitikken skal eg la liggja her. Eg vil heller koma med seks punkt som vi i Dag og Tid legg vekt på i det daglege redaksjonelle arbeidet. Sjølv om Dag og Tid er ei vekeavis – og ei bakgrunns- og kommentaravis – trur eg andre aviser kan læra litt av korleis vi tenkjer og kva vi legg vekt på.

1. Tenk alltid, kvar dag, i kvar artikkel du skriv og kvar artikkel du redigerer, at du representerer den fjerde statsmakta. Du representerer ikkje fyrst og fremst konsernet, botnlina eller opplagstala. Men du er ein viktig lekk i det mauraktige arbeidet for å sikra demokratiet vårt.

Det er det som er mandatet vårt. Tenkjer du slik, og gjer dette til ein del av deg, vil det påverka måten du arbeider på og den avisa du til slutt publiserer.

Men avisene må ikkje mistyda omgrepet «fjerde statsmakt» – vi skal ikkje vera maktutøvarar, men maktkritiske – der journalisten og redaktøren har eit eige moralsk ansvar for å opptre påliteleg.

2. Syt for å ha flinke folk. Einar Førde sa mykje klokt, men han tok feil då han kom med kommentaren om at «kyrkjegarden er full av uerstattelege folk». Altså at folk som slutta, trudde dei ikkje kunne erstattast.

Men ofte *er* folk uerstattelege. Det er vanskeleg å vera ein god journalist eller ein god skribent. Det krev dei flinkaste av oss.

Så gjer alt for å halda på gode folk – og driv langsiktig rekrutteringsarbeid. Det er ikkje slik at avislogo, historikk, romslege budsjett og store redaksjonslokale gjer at du berre kan skifta ut folk og tru at du kan sigla vidare med «høg rigg».

Og det er heller ikkje talet på journalistar som er avgjerande. Sjølv sagt er det viktig med stor kapasitet. Dag og Tid har svært avgrensa midlar til å driva med undersøkjande journalistikk. Såleis er vi berre eit lite tilskot i den store avisfloraen.

Men det er ikkje slik at berre det er mange nok, blir resultatet bra.

Då eg tok til i Dag og Tid og såg den vesle staben med journalistar som var i bladstova, tenkte eg: Korleis skal vi klara dette? Vi er jo så få.

Men då eg bladde i norske aviser gjennom tidene på Nasjonalbiblioteket på leit etter inspirasjon, vart eg oppglødd. Det slo meg at noko av det beste som er laga av aviser, var Dagbladet på 1930-talet. Alt var ikkje like bra. La det vera sagt tydeleg.

Men Ragnar Volds åtvaringar mot fascismen, dei råkande karikaturane til Ragnvald Blix, Gunnar Larsen, Johan Borgens finslipte stil og Einar Skavlans tydelege redaktørskap måtte ha skapt ei kjensle av at avisa var viktig. Avisa var kritisk både mot sovjetkommunismen, mot nazismen og fascismen. Ei tydeleg røyst i ei farleg tid.

Det var altså få, men tydelege personar som stod bak denne profilen.

Tenkjer du på gode, norske aviser, tenkjer du ofte på dei gode pennane.

Ein god penn kan driva ei heil avis, jamfør Aasmund Olavsson Vinje og Dølen.

Avisene må difor i større grad dyrka fram dei særmerkte, eksepsjonelle røystene.

3. Godt språk. Dag og Tid skal vera på nynorsk, men ikkje skriva om nynorsken. Likevel er eldhugen vår for nynorsken tvillaus og tidlaus.

Men her tenkjer eg på godt språk generelt. Og godt språk krev god korrektur. Korrektur høyrer så smålâte ut – litt unnsleg: flytta på eit komma, leggja inn ei aksent grave.

Men korrektur er så mykje meir. Ein god korrekturlesar som er på jakt etter feil, finn ikkje berre språkfeil, men òg inkonsekvensar og faktafeil.

Det bidreg rett og slett til å heva kvaliteten på avisa. Og såleis respekten for avisa. Ei avis blir aldri god utan godt språk.

Så når NRK, som i dag lagar ei av Noregs største nettaviser, eller dei mange Schibsted-avisene, eller norske aviser generelt, ikkje held seg med korrekturlesarar, men avgrensar seg til stavekontrollen — har ikkje leiinga skjøna kva mandat dei er sett til å forvalta.

4. Demp det konfliktskapande språket: sparka, vraka, slakta – slike ord bør ein sjå minst mogeleg av. Journalistikken har eit ansvar for å få fram nyansane i sakene han dekkjer. Folk rasar og går i strupen på kvarandre heile tida – ifølgje media.

Seinast såg eg at Karin Andersen i SV «rasa» mot tildelinga av Fritt Ords Honnør til Kristin Clemet. Då eg klikka meg inn på saka, var ho berre usamd i tildelinga. Ho rasa ikkje.

På denne måten skaper media unødvendige frontar. Men språket skal oppklara – ikkje spissa motsetnadar.

5. Den nye, uheldige samanblandinga av reklame og redaksjonelt innhald er eit trugsmål mot truverdet til pressa. Å ta seg betalt for å laga journalistikk for annonsørane er ikkje i samsvar med ei truverdig presse.

Skiljet mellom reklame og redaksjonelt innhald skal og må vera absolutt, og lesarane skal på ingen måte, utan unnatak, kunna mistyda kva som er kva.

6. Ta opp vanskelege og kontroversielle tema på fritt grunnlag.

Det gjeld særleg tema som innvandring, integrering, tilhøvet til islam, overvaking, populisme, nasjonalisme – og alle mogelege spørsmål knytte til reproduksjon som surrogati, eggdonasjon, sæddonasjon og downsproblematikk. Alle desse spørsmåla må drøftast ope utan at ein tillegg motstandaren vikarierande, ufine motiv.

Ver aldri redd for å leggja fram fakta fordi dei kan misbrukast av meiningsmotstandarar. Det vil slå hardt tilbake.

Måten media legg fram desse sakene på, og måten vi diskuterer dei på, påverkar kva politisk klima vi vil få i framtida.

Takk for merksemda – og på vegner av Dag og Tid: På nytt takk for Fritt Ords Pris!